

Til Høyringsinstans

Høyring av Helse2035 – strategi for Helse Vest RHF

Styret i Helse Vest RHF vedtok 2. februar 2017 å sende utkastet til ny strategi, Helse2035, ut på høyring. Vi inviterer med dette til å komme med innspel til det vedlagde høyringsnotatet.

Helse2020 blei etablert som ein overordna verksemestrategi i 2007, og blei revidert i 2011. Helse2035 byggjer på Helse2020, men er ei ny og omfattande revidering som rettar seg etter føringane i Nasjonal helse- og sjukehusplan (2016-2019).

Strategien er temabasert, der strategiske område som er i stor endring den kommande planperioden er løfta fram. Tema som er grunnleggjande for verksemda er i mindre grad omtalte direkte, men er ein naturleg og gjennomgåande del i dei utvalde strategiske områda. Sjølv om temaa er komplekse og omfattande, er det lagt til grunn at strategien skal vere kort og overordna. Fokuset er retta mot dei største moglegheitene og dei største utfordringane, og det å finne tilhøyrande satsingar som gir størst mogleg gevinst for pasientane i forhold til innsatsen.

Strategien beskriv den overordna retninga for spesialisthelsetenesta på Vestlandet fram mot 2035. Han dannar grunnlaget for dei regionale fag- og funksjonsplanar som går djupare inn på det enkelte fagområdet. I tillegg skal kvart enkelt føretak i Helse Vest utarbeide eigne strategiar og planar som er lokalt tilpassa. Konkretisering og operasjonalisering av strategien og tiltak innanfor kvart tema og tiltaksområde vil derfor skje som ei oppfølging av dokumentet som no er på høyring.

Helse Vest har lagt mykje arbeid i å involvere interne og eksterne aktørar og ressursar i strategiprosessen. Det har mellom anna blitt gjennomført styresamling, fagsamlingar, ei lang rekke interne og eksterne intervju og storsamlingar der kommunar, private aktørar og andre har vore inviterte. Vi oppmodar likevel alle høyringsinstansar til å svare på høyringa og komme med innspel til strategidokumentet som ligg føre. Høyringssvara kan med fordel vere korte og presise i forma, og spissa inn mot dei viktigaste temaa for avsendaren.

Vi ber høyringsinstansane særleg om innspel knytte til samhandling på tvers av faglege, organisatoriske og geografiske grenser, og korleis vi saman kan skape pasienten si helseteneste og løyse utfordringane knytte til aukande behov for helsetenester blant innbyggjarane i regionen.

Høyringssvar kan sendast til helse@helse-vest.no med «Høyringssvar Helse2035» og namn i emnefeltet. Avleverte høyringssvar er som hovudregel offentlege og kan bli publiserte på Helse Vest sine nettsider.

Høyringsfristen er sett til 10. april 2017. Det er lagt opp til å handsame strategien i føretaksstyret 11. mai 2017.

Vi nyttar høve til å takke for innspela som de vil gi, og vi ser fram til å høyre frå dykk i denne høyringsrunden.

Med vennleg helsing

Herlof Nilssen

Administrerande direktør

Ivar Eriksen

Eigardirektør